

Ivest Consult As
Strandgata 10
6905 FLORØ

Vår ref.:
24/4342 - 2 / MAGA

Dykkar ref.:

Dato:
05.04.2024

Saksnr.	Utval
	Plan- og miljøutvalet

Vedtak - Gbnr 27/228 - Strandavegen 29 - Deponi

Ansvarleg søkjar Ivest Consult As Strandgata 10 6905 FLORØ	Tiltakshavar KYSTBYEN AS c/o Stranda Eigedom AS 6905 FLORØ
Gjeldande plan Kommunedelplanen for Florø Sentrum 2018 – 2022, planid 140120170002	
Type tiltak/bygning Plassering av steinmassar i sjø opp til kote + 3.	Tiltaket sin storleik Nye steinmassar, inntil: 100 000 m ³ Fotavtrykket i sjøareal: Innafor eksisterande fylling og til kote + 3.
Løyvet omfattar Ny dispensasjon frå føresegnene i kommunedelplanen §§ 2.1, 2.19 og nytt rammeløyve til plassering av nye steinmasse i sjø (deponi, på inntil 100 000 m ³) på gbnr 27/228.	

Vedtak

- Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 vert det gjeve dispensasjon som omsøkt, på følgjande vilkår:
 - Nye steinmassar skal plasserast opp på eksisterande fylling.
 - Dumping- og omplassering av dei dumpa massane skje innafor tidsperioden 1. juni til 31. desember.
 - Vilkår sett av Statsforvaltaren i Vestland i løyve etter forureiningsforeskrifta, skal etterkomast.
 - Vilkår sett av sett av Flora Hamn i vedtak etter Hamne - og Farvaslova datert 02.04.2024 må etterkomast.
- Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 21-4, jf. § 20-4 vert det gjeve løyve til plassering av steinmassar frå lekter opp på eksisterande fylling.
 - Det skal ikkje fyllast høgre i sjø enn inntil kote +3.
 - Ved søknad om ferdigattest må det sendast inn koordinatar for yttergrenser for fyllinga.
 - Kommunen sette vilkår til at arealet som kjem opp over flodmål må sikrast og gjevast ei overflata som må kunne ferdast på utan at det er fare for folk og dyr / fuglar, eller stengast for ferdsel både frå sjøside og via land.

Teikningsdokumentasjon

Løyyvet er basert på situasjonsplan innregistrert i kommunen dato 29.02.2024 og tversnitt teikningar innregistrert i kommunen 29.02.2024.

Informasjon om saka

Det er søkt om dispensasjon frå plankrav og endring av tidlegare løyve som fører til auke i masse på 100 000m³ og endring av til kotehøgde + 3.

Nabovarsling og høyring

Søknaden er nabovarsla i samsvar med pbl. §§ 21-3 og 19-1, og det ligg ikkje føre merknadar til søknaden.

Statsforvaltaren i Vestland

Søknaden er sendt til Statsforvaltaren i Vestland med uttalefrist til 04.04.2024. Då fristen er utgått har ikkje Kinn kommune fått utale frå Statsforvaltaren og rekna med at dei ikkje har merknadar til søknaden slik den føreligge, vedtaket vert sendt til Statsforvaltaren med klagerett.

Flora Hamn / Alden Hamneområde datert 02.04.2024.

Løyyvet er gitt etter hamne- og farvaslova av 21. juni 2019 nr. 70

Løyyvet er gitt på desse vilkår, jfr. hamne- og farvaslova § 16:

- Det skal foreligge godkjent dispensasjon frå plankrav frå Kinn kommune.
- Tiltaket skal utførast som skildra i søknad og synt i skisse. Det må ikkje gjerast endringar utan at det på førehand er godkjend av Florø hamn KF.
- Alle ytterkantane av fyllinga skal markerast med sjømerker, med eit særskilt fokus på god merking på nordaustre del som ligg tettast på den offentlege kaia. Dette for å unngå grunnstøyting. Merkinga må vere på plass for fylling av stein startar, og eit oppdatert kart som syner merkinga må sendast til hamn@kinn.kommune.no (hamnevakta) for ein startar å dumpe stein.


Tiltakshavar skal sende inn melding med vedlagt kart, der tiltaket er nøyaktig innteikna med posisjonar oppgitt i WGS84, til EFS/Statens kartverk Sjø, efs@kartverket.no, umiddelbart etter tiltaket er ferdigstilt. Tiltaket kan ikkje takast i bruk før ei slik melding er sendt. Kopi av meldinga skal sendast til Florø hamn KF på hamn@kinn.kommune.no.

- Eventuelle erstatningsansvar som følgjer av tiltaket påkvarar tiltakshavar.


Kystverket

Det er i søknaden lagd ved «Sluttrapportering - Kystverts levering av masser til Panorama Florø AS» datert 19.01.2024, som viser til at det er ei overskriding på ca. 4000m³ og masser er over kote -5.


Plankartet for område B8 og B9




Situasjonsplan i søknaden



Tverrsnitt av fylling



Kart utsnitt avstand til ny pir på Fugleskjærskai



Kartutsnitt utdypning av hovedled (rød farge)



Grunnkarte



Vurdering / drøfting

Dispensasjonssøknad

I samsvar med plan- og bygningslova § 19-2, kan kommunen gje dispensasjon frå reglar fastsett i eller i medhald av denne lova. Det kan likevel ikkje gjevast dispensasjon dersom omsynet bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i plan- og bygningslova § 1-1, vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det skal vurderast om det vert lagt tilstrekkeleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge, om det vert lagt vekt på nasjonale eller regionale ramme og mål, og om eventuell negativ uttale frå statleg eller regional fagmynde vert tilstrekkeleg vurdert. Det kan ikkje gjevast dispensasjon frå sakshandsamingsreglar.

Kommunen har kravd at det vert søkt om ny dispensasjon og rammeløyve, då tiltaket har ei storleik som kan påverke omgjevande (100 000m³) masse og opp til kote +3.

Det er søkt om ny dispensasjon frå krav om plan og kommunen viser til tidlegare vurderingar i vedtak i sak 23/3341-2 datert 06.09.2023.

Det er ikkje endringar i miljø- eller naturfaktorar som ikkje er drøfta i tidlegare vedtak i saka.

Det er vurdert at ein ny dispensasjon ikkje vil skape ulemper for forhold som naturmangfaldlova skal ivareta og at dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 vert ivareteke.

Tiltaket

Kommunen har vurdert at transport av massane frå utsprenginga område til omsøkt deponi er kort (kortreist transport) og dette gjev ein reduksjon i forureining ved transport. Det er heller ikkje t.d. Havnespy eller andre uønska artar som er fare for spreiding ved å plassere steinmassar som omsøkt i område, etter kommunen sin kjennskap.

Det som er den største endringa er at kotehøgde skal hevast frå -5 til +3, dette er forhold som vil påverke ferdslene i nærliggande sjøareal og må til handsaming etter

Hamne- og Farvaslova.

Kommunen har motteke vedtak datert 02.04.2024 etter Hamne- og Farvaslova med vilkår og konkludert med at det kan gjevast løyve og dispensasjon som omsøkt under forutsetning at vilkåra vert overhalde.

Kommunen vil vidare sette vilkår til at arealet som kjem opp over flodmål må sikrast og gjevast ei overflata som kan ferdast på utan at det er fare for folk og dyr / fuglar eller av stengast.

Kommunen har konkludert med at fordelane er klart større en ulempene etter ei samla vurdering, slik pbl set krav til, jf. § 19-2, andre ledd, andre punktum.

Med bakgrunn saksutgreiinga og søknaden med vedlegg, vurderer Kinn kommune at vilkåra for å gje ny dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 og nytt rammeløyve er oppfylt. Kommunen godkjenner søknad om dispensasjon og plassering av masse i sjøareala som omsøkt .

Økonomiske konsekvensar

Ingen kjende.

Lovgrunnlaget / heimel for vedtaket

Plan- og bygningslova med føreskrifter, Hamne- og Farvaslova, Forureiningsføreskrifta og Kommunedelplanen for Florø Sentrum 2018 – 2022.

Merknader

Løyve til tiltak er gjeve i samsvar med plan- og bygningslova § 21-4.

Løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen. Om tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.

Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen, både av den tidlegare og den nye tiltakshavaren, jf. pbl. § 23-2.

Mindre endringar undervegs må avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld endringar ut ifrå godkjende teikningar, så må desse leggjast fram ved søknad om ferdigattest.

Løyve etter plan- og bygningslova gjev ingen privatrettslege rettar, jf. plan- og bygningslova § 21-6.

Det må utførast intern kvalitetssikring, slik at tiltaket ikkje er i strid med krava i pbl.

Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl. § 21-10. Tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast av ein part eller ein annan med rettsleg klageinteresse i saka, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagen må sendast til Kinn kommune seinast tre veker etter at vedtaket er motteke, eller klagar på annan måte er blitt gjort kjend med innhaldet.

Klagen kan sendast via elektronisk skjema som du finn på www.kinn.kommune.no, til post@kinn.kommune.no eller til Kinn kommune, Postboks 294, 6701 Måløy.

Kommunen vil handsame klagen. Dersom kommunen fastheld sitt vedtak, vil klagen,

samt alle naudsynte saksdokument bli oversendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming. Der ei klage fører fram, kan klagar etter tilhøva ha krav på å få dekkja sine kostnadar med å setje fram klagen, jf. forvaltningslova § 36.

Helsing

Ragnhild Olaug Gram Skår
Tilsynsleiar

Magne Aasen
byggesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur